

TA 2020/18 RØDVEN KYRKJESTAD

Avklarande undersøking i samband med rotfjerning og nyplanting

Tidemansen, Kjersti





Tittel TA 2020/18 Rødven kyrkjestad Avklarande undersøking i samband med rotfjerning og nyplanting	Rapporttype/nummer NIKU Oppdragsrapport 71/2021	Publiseringsdato 25.05.2022
	Prosjektnummer 1021877	Oppdragstidspunkt 15.-17.06.2020
	Forsidebilde Rødven stavkyrkje med Rødven kyrkje bak. Foto: Da63996_007	
Forfatter(e) Tidemansen, Kjersti	Sider 18	Tilgjengelighet Åpen
	Avdeling Arkeologi	

Prosjektleder Kjersti Tidemansen
Prosjektmedarbeider(e) Skriv her
Kvalitetssikrer Ann Kathrin Jantsch

Oppdragsgiver(e) Riksantikvaren?

<p>Sammendrag</p> <p>I samband med søknad om rotfjerning og nyplanting i ei skråning ved Rødven stavkyrkje i Rauma kommune har NIKU gjennomført ei avklarande undersøking, for å få eit betre vurderingsgrunnlag av forholda på den mellomalderse kyrkjestaden. Lite kunnskapsgrunnlag om eventuelle kulturlag og strukturar i grunnen gjorde det vanskeleg å vurdere tiltaket sitt konfliktpotensial. Det vart grave tre prøvesjakter i skråninga, og det vart ikkje påvist automatisk freda kulturlag eller strukturar i grunnen. I den sørlegaste prøvesjakta var det dokumentert ei mogleg eldre overflate med datering til eldre steinalder. Rotomfanget til krattet var også dokumentert, og dette viste seg å vere mindre omfattande enn fyrst anteke.</p>

<p>Emneord</p> <p>Rødven, Rauma, Møre og Romsdal, stavkyrkje, kyrkjestad, avklarande undersøking, mellomalder, kyrkje, nyplanting, rotfjerning, gamal overflate</p>

Avdelingsleder

Lise-Marie Bye Johansen

Innhold

1	Innleiing	7
1.1	Tiltaket	7
1.2	Historikk og problemstillingar	9
1.2.1	Problemstillingar	9
2	Metode	10
3	Resultat	10
3.1	Sjaktene	11
4	Samanfatning og konklusjon	14
5	Litteratur	14
6	Vedlegg	15
	Fotoliste	15
	Dateringsrapport	16

1 Innleiing

Fortidsminneforeininga Møre og Romsdal v/Per Arne Skomsø søkte 18.02.2020 Møre og Romsdal fylkeskommune om dispensasjon frå Lov om kulturminne av 9. juni 1978 (kml) § 8, 1. ledd for fjerning av kratt, røter og nyplanting på Rødven mellomalderkyrkjestad kulturminne-id. 85333. Søknaden gjaldt også inngrep i sikringssona. NIKU Distriktskontor Trondheim mottok oppmoding om tilråding i saken frå fylkeskommunen 19.02.2020.


NIKU tilrådde ei avklarande undersøking av området før ein kunne ta stilling til dispensasjons-spørsmålet. Lite kunnskapsgrunnlag om eventuelle kulturlag og strukturar i grunnen gjorde det vanskeleg å vurdere tiltaket sitt konfliktpotensial. Det var heller ingen oversikt over kor mykje røtene breidde seg i breidde og djupne i skråninga. Ein hadde heller ingen kunnskapar om korleis terrenginngrepa utført i samband med utvidinga av kyrkjegarden i 1930 har verka inn på eventuelle kulturlag.

Den avklarande undersøkinga vart samkjørt med overvaking av tiltaket plassering av videostolpar i kyrkjestaden si sikringssone (NIKU prosjekt 1021812). Undersøkinga ga avklarande informasjon om kulturlag og rotomfang, og NIKU ga ei endeleg tilråding i saken 23.06.2020 med anbefaling om dispensasjon på visse vilkår. Møre og Romsdal fylkeskommune fatta vedtak om dispensasjon 01.07.2020.


1.1 Tiltaket

Rotfjerninga og nyplantinga var planlagt i ei skråning i heile denne si breidde og lengde vest på kyrkjestaden og i denne sikringssona. Det var søkt om å fjerne røter fordi den uynskte vegetasjonen var vanskeleg å få fjerna heilt ellers, og den var skjemmaende og vanskeleg å stelle i den bratte skråninga. Røtene var tenkt fjerna ved å ha ei minigravemaskin ståande på oversida av skråninga, som kunne dra opp røtene med tau. Ein trengde 10 centimeter rotfri jord for nyplantinga.

Fortidsminneforeininga hadde fått utarbeidd ein planteplan av kommunegartnaren, og denne var godkjend av Riksantikvaren og biskopen i Møre og Romsdal. Middel over BARK-programmet til Riksantikvaren (bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne) var gjeve til arbeidet.



Figur 1. Planteplanen for skråninga ved Rødven stavkyrkje, utarbeidd av gartnar Anne-Lise Larsen.



Figur 2. Oversiktskart, Rødven kyrkjestad, Rauma kommune i Møre og Romsdal.

1.2 Historikk og problemstillingar

Kyrkjestaden på Rødven kan minst gå attende til 1100-talet, basert på myntfunn på staden frå slutten av 1100-talet, og ei stilhistorisk datering av nordportalen i stavkyrkja til same hundreår (Brendalmo et al. 2016:80). Det er mogleg at det har stått ein bygning med jordgravne stolpar også på staden. Ved ei arkeologisk- og bygningshistorisk undersøking under golvet i Rødven stavkyrkje på 1960-talet vart det påvist graver og strukturar som kunne relaterast til ein slik bygning. Dette kan trekkje kyrkjestaden enda lengre attende i tid (Christie 1998).

Ståande stavkyrkje er frå kring 1300 med gjenbruk av eldre bygningsdelar og med yngre tilbygg. Nåverande kor er frå 1600-talet. Eldste skriftlege omtale av kyrkja er frå 1547 (DN XXI:915) (Brendalmo et al. 2016:80).

Det er sannsynleg at kyrkjegarden har hatt omtrent same storleik i mellomalderen som i dag. Dette er vurdert ut frå topografiske og kulturhistoriske landskapsforhold, historiske foto og synfaring av kyrkjegardsmuren, kyrkjegarden og området kring kyrkja. Dei naturtopografiske forholda har også avgrensa moglegheitene for storleiken til kyrkjegarden. Den vart utvida vestover i 1930 (TA 2010/9).



Fig. 3. Rødven stavkyrkje ein gong før utvidinga av kyrkjegarden vestover i 1930. Frå Johan J. Meyer og Erling Gjones sine samlingar. Norsk folkemuseum NF.26835-202. Digitaltmuseum.no.

1.2.1 Problemstillingar

Viktige problemstillingar for den avklarande undersøkinga i skråninga var kor omfattande rotsystem planter og kratt hadde danna, og om terrengendringar i skråninga etter kyrkjegardsutvidinga i 1930 har påverka eventuelle kulturlag og strukturar.

I tillegg var det formulert faglege problemstillingar med utgangspunkt i Riksantikvaren sitt faglege program for mellomalder (Johannessen og Eriksson 2015:177-181). Tiltaksområdet låg i den antekne utkanten av den mellomalderske kyrkjegarden i vest, og det var difor relevant med problemstillingar knytt til utkanten av kyrkjegarden og kyrkja sine omgjevnadar.

- Er det automatisk freda kulturlag i denne delen av kyrkjegarden/utsida av kyrkjegarden, og kva for tilstand og bevaringsforhold har dei?
- Finst det graver i skråninga, og kor gamle er dei?
- Etter terrenginngrepa som har skjedd ved utvidinga av kyrkjegarden i 1930, er det fortsatt mogleg å påvise overgangen kyrkjegard/ikkje kyrkjegard? Finst det spor etter andre typar strukturar som kan kaste ljøs over kyrkja sine omgjevnadar?

2 Metode

Utgangspunktet for den avklarande undersøkinga var rotsystema til vekster og kratt i skråninga, kor omfattande desse kunne vere og kor djupt røtene eventuelt kunne gå. Det vart grave 3 små sjakter for hand nær eksisterande kratt i skråninga. Sjaktene vart dokumentert i form av skildringar, foto og digital innmåling med CPOS. Det vart teke ut ei prøve til ^{14}C -datering. Alle sjaktene vart fylt att, og dekt til til slutt.


Prosjektet er lagt inn i Askeladden med prosjektnummer 492.

3 Resultat

Den avklarande undersøkinga resulterte i kunnskap om rotomfang til vekster i skråninga, og eit betre grunnlag å vurdere tiltaket sitt konfliktpotensial med automatisk freda kulturlag eller strukturar på. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturlag eller strukturar i skråninga, men i den sørlegaste sjakta var eit lag tolka som ei eldre overflate. Det vart teke ut ei ^{14}C -prøve frå laget.



Figur 4. Skråninga vest på kyrkjestaden. Foto: Da63996_001.



Figur 5. Kartet viser sjaktene i skråninga, og uttak av ^{14}C -prøva.

3.1 Sjaktene

Sjaktene i skråninga var plassert jamnt utover og nær kratt, to sjakter sør for trappa og ei i nord. Frå sør til nord har dei desse skildringane:

Sjakta lengst sør var ca. 0,4 x 0,5 meter. Djupne 0,66-0,7 meter. I profilen under ca. 0,15 meter torv var det ljøs, gråbrun fin sand i 0,35-0,4 meter tjukkeleik. Deretter eit humushaldig sandlag med mykje

små røter i ca. 0,04 meter tjukkeleik. Laget vart tolka som rest av ei gamal overflate i skråninga, og det vart teke ut ^{14}C -prøve frå laget til radiologisk datering. Prøva bestod av trekol, og kunne ikkje artsbestemast nærare på grunn av for liten mengde prøvematerial. Prøva har lab-nummer UBA-44173, og ga resultatet (7951+/-33) BC 7036-6730 (2 sigma). Dateringsresultatet kan dermed ikkje relaterast til kyrkjestaden i mellomalderen, men den mesolittiske perioden av steinalderen. Det kan nemnast steinalderfunn på Rødven, mellom anna flintflekker i grunnen under kyrkja (Christie 1998), utan at ein her kan sette dateringa av ei mogleg gamal overflate i samband med funna. Resten av ei eldre overflate kan tyde på at iallfall denne delen av skråninga er relativt intakt, og utan større terrengendringar til dømes gjort i samband med kyrkjegardsutvidinga i 1930.

Det nedste laget i profilen i sjakta var raudbrun, grusblanda sand, og dette var sannsynlegvis den naturlege undergrunnen.

Det var tynne røter i alle laga, mens dei største røtene frå kratt i skråninga var synlege ned til ca. 0,25 meter djupne under overflata.



Figur 6. Den sørlegaste sjakta, sett mot nordvest. Foto: Da63996_004.

Den neste sjakta var plassert sør for trappa i skråninga. Den målte ca. 0,4 x 0,45 meter, og var 0,56 - 0,66 meter djup. Profilane bestod av gråbrun fin sand under torva, og det var ingen påviste kulturlag eller strukturar. Det var observert små, tynne røter i dei øvre delane av profilane. Den gråbrune, fine sanda var truleg den naturlege undergrunnen.



Figur 7. Den midtre sjakta, plassert sør for trappa. Sett mot vest. Foto: Da63996_005.

Den nordlegaste sjakta målte ca. 0,55 x 0,4 meter, og var 0,95 - 1,05 meter djup. Under torva var eit ca. 0,6 - 0,7 meter tjukt lag åkerjord, og skiljer seg dermed frå situasjonen i dei to andre sjaktene lengre sør. Åkerjorda er truleg påfylt eller planert utover, truleg i samband med utviding av kyrkjegarden. Under åkerjorda var det gråbrun fin sand (naturleg undergrunn). Det var ingen påviste kulturlag eller strukturar. Det var mykje tynne røter, men også større røter synleg ned til ca. 0,4 meter djupne under overflata.



Figur 8. Den nordlegaste sjakta sett mot nordvest. Foto: Da63996_006.

4 Samanfating og konklusjon

Den avklarande undersøkinga har resultert i dokumentasjon av rotomfanget til vegetasjonen i skråninga per juni 2020, og vist at det er eit lågare potensial for funn av automatisk freda kulturlag og strukturar i denne delen av den mellomalderske kyrkjegarden. Rotomfanget framstod som avgrensa med nokre større røter synlege ned til 0,25-0,4 meter djupne under overflata i skråninga. I utgangspunktet var det forventa eit meir omfattande rotsystem ut frå krattet som var skildra i skråninga.

I dei to sørlegaste sjaktene framstod stratigrafien som relativt einsarta og utan større påverknad av terrengendringar. I sjakta lengst sør var eit humushaldig sandlag tolka som ein rest av ei gamal overflate. Ei ¹⁴C-prøve (UBa 44173) frå laget ga resultatet (7951±33) BC 7036-6730 (2 sigma). Laget kan dermed ikkje relaterast til den mellomalderske kyrkjestaden, men til den mesolittiske perioden av steinalderen.

Sjakta i nordre del av skråninga viste ein anna situasjon med eit over halvmetar tjukt lag av åkerjord, truleg påfylt og planert utover i samband med utviding av kyrkjegarden.

5 Litteratur

Johannessen, Live; Jan-Erik G. Eriksson 2015: Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og borger. Riksantikvaren 2015.

Upublisert litteratur:

Christie, Håkon 1998: Rødven stavkirke. Arkeologiske undersøkelser under kirkens gulv og bygningshistoriske undersøkelser av kirken samt oppmålinger av kirken ble utført i tiden 16. okt. til 7. nov. 1962 og 22.-27. april 1963. Maskinskrive 1998. Riksantikvaren sitt arkiv.

Petersén, Anna Helena 2010: Rødven stavkirke, Rødven, Rauma kommune, Møre og Romsdal. Kartfesting og avgrensing av det middelalderske kirkegårdsområdet. TA 2010/9. NIKU Oppdragsrapport nr. 109/2010. NIKU. NIKU sitt arkiv.

Digitale ressursar:

Brendalsmo, Jan; Eriksson, Jan-Erik G. 2016: Kildegjennomgang. Middelalderske kirkesteder i Møre og Romsdal fylke. Riksantikvaren. Web: <http://hdl.handle.net/11250/2421535>

Johan J. Meyer og Erling Gjones sine samlinger: Rødven stavkirke, Rauma, Møre og Romsdal. Norsk folkemuseum, inventarnr. NF.26835-202. Web: www.digitaltmuseum.no

6 Vedlegg

Fotoliste

Filnavn	Motiv	Strukturnr/objektnr	Sett mot	LokalitetsID	Fotograf	Opptaksdato
Da63996_001.tif	Skråninga med tiltaksområdet		VNV	85333	Kjersti Tidemansen	16.06.2020
Da63996_002.tif	Skråninga med tiltaksområdet		VNV	85333	Kjersti Tidemansen	16.06.2020
Da63996_003.tif	Skråninga med tiltaksområdet		S	85333	Kjersti Tidemansen	16.06.2020
Da63996_004.tif	Prøvehol 1, N profil med mogleg gamal overflate	597	V	85333	Kjersti Tidemansen	17.06.2020
Da63996_005.tif	Prøvehol 2	601	V	85333	Kjersti Tidemansen	17.06.2020
Da63996_006.tif	Prøvehol 3	605	V	85333	Kjersti Tidemansen	17.06.2020
Da63996_007.tif	Oversikt Rødven kyrkjestad		NA	85333	Kjersti Tidemansen	17.06.2020

Dateringsrapport

UBANo	Sample ID	Material Type	¹⁴ C Age	±	F14C	±	mg Graphite
UBA-44173	Rodven KP1	too small for species identification	7951	33	0.3717	0.0015	0.507
UBA-44174	Munkegata KP1	too small for species identification	463	33	0.9440	0.0038	1.026
UBA-44175	Munkegata KP2	Pinus Sylvestris	387	26	0.9530	0.0031	1.012
UBA-44176	Dronningensgate 24 KP1	mixture of conifer and possible fragment of hazelnut	3831	25	0.6207	0.0020	1.036
UBA-44177	Dronningensgate 24 KP2	Betula and conifer	656	24	0.9215	0.0027	0.979

Karoline Myhrvold
NIKU
Postboks 736 Sentrum
Oslo 0105
Norway



¹⁴CHRONO Centre
Queens University Belfast
42 Fitzwilliam Street
Belfast BT9 6AX
Northern Ireland

Radiocarbon Date Certificate

Laboratory Identification: UBA-44173
Date of Measurement: 2021-03-01
Site: 1021877 Rodven
Sample ID: Rodven KP1
Material Dated: charcoal
Pretreatment: AAA
mg Graphite: 0.507
Submitted by: Kjersti Tidemansen

Conventional ¹⁴ C	
Age:	7951±33 BP
Fraction	using AMS
corrected	δ ¹³ C

Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

www.niku.no

NIKU Oppdragsrapport 71/2021

NIKU hovedkontor
Storgata 2
Postboks 736
Sentrum
0105 OSLO
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tønsberg
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Bergen
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112
Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Trondheim
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tromsø
Framsenteret
Hjalmar Johansens
gt. 14
9296 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00